

HAREID KOMMUNE  
Rådhusplassen 5  
6060 HAREID

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/02612-45

13.01.2025

Ark.: 326.12 BS

## Vedtak i namnesak 2024/96 - Go(d)myra og Rema i Hareid kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av to stadnamn i Hareid kommune. Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Vedteken skrivemåte	namneobjekttype	
<b>Gomyra</b>	bruk	bnr. 41/4 og 41/884
<b>Rema</b>	jorde	

- Språkrådet tilrår *Remabrua* for brunamnet og *Remastubben* for adressenamnet.
- Fylkeskommunen er vedtaksmynde for namn på bru på fylkeskommunal veg, og kommunen vedtek adressenamn.

### Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Hareid kommune. Dei ønsker å nytte skrivemåtane *Gomyra* og *Rema* som ledd adressenamn, jf. brev 7.2.2024. Språkrådet hadde merknader til skrivemåten av dei to namna i den første tilrådinga si, og kommunen bad Kartverket reise namnesak for å avklare skrivemåte for offentleg bruk.

### Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn. Det skal leggast særleg vekt på ønsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ønsker, ligg innanfor regelverket.

## Høyringsvar og tilråding

Kartverket sendte saka til høyring i Hareid kommune den 8.4.2024.

Hareid kommune har hatt saka på høyring, og har fått inn eitt svar, frå grunneigarane på bruksnummer 41/4 og 41/884. Dei skriv: «Vi ønsker at namnet Gomyra skal brukast for bruk gnr./bnr. 41/4 og 41/884, og at Gomyrvegen blir det foreslåtte adressenamnet.»

Kommunen sende svaret til Språkrådet i brev datert 26.09.2024.

Språkrådet har gitt si tilråding i brev datert 16.12.2024 (vedlagt).

## Gomyra – Godmyra, bnr. 41/4 og 41/884

Bnr. 41/4 har namnet *Hareide* i matrikkelen. Bnr. 41/884 er tunet, som vart frådelt 1985, med namnet *Gomyra* i matrikkelen.

Førsteleddet må vere adjektivet *god*. Den lokale skrifttradisjonen er likevel *Gomyra*. Skrivemåten utan *d* er nytta i *Bygdebok for Ulstein og Hareid* band 5, i lokalavisene og annan lokallitteratur. I Møre og Romsdal fylkes adressebok frå 1989 er *Gomyra* nytta som adresse. Eit søk på *Gomyra* i Hareid i Nasjonalbiblioteket gir rundt 275 treff. Til samanlikning er skrivemåten *Godmyra* nytta 14 gonger.

Språkrådet tilrår skrivemåten *Godmyra*, i samsvar med norsk rettskriving og skrivemåten av stadnamnet mange andre stader.

## Kartverkets vurdering

Kartverket er einig i at skrivemåten etter norsk rettskriving burde vere *Godmyra*. Denne skrivemåten er imidlertid ikkje ønska av kommunen og grunneigarane, og har ikkje tradisjon lokalt.

Lov om stadnamn opnar for å fråvike gjeldande rettskriving når ein skrivemåte har vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd (§ 4, andre ledd). Kriteria er at meiningsinnhaldet ikkje skal bli borte, den lokale uttalen skal ikkje endrast, og det skal vere dominerande tradisjon og lokal semje om forma som er ønskt (forskrift om stadnamn § 1). – Namnet er frå første halvta av 1800-talet, altså ikkje så gammalt, men har relativt sterk skrifttradisjon. Her var mellom anna det første postopneriet i bygda.


Om vi tar for oss kriteria ovanfor, vil skrivemåten *god* vise innhaldet tydelegare (men skrivemåten utan *d* er ikkje heilt uvanleg i uformell bruk). Uttalen vil vere den same uansett. Dei viktigaste argumenta for skrivemåten *Gomyra* er den sterke lokale skrifttradisjonen og det lokale ønsket.

I tillegg dreier det seg om bruksnamn, der lova gir eigarane rett til å fastsette ein skrivemåte som har vore i offentleg bruk. «I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn.» (§ 5). Her kan altså eigarane få fastsett matrikkelforma *Gomyra* for bnr. 41/884.

Kartverket vurderer at *Gomyra* er så godt etablert lokalt at skrivemåten med *d* vil verke framand, og at regelverket opnar for å fastsette skrivemåten som er ønskt lokalt. Kartverket vedtar skrivemåten **Gomyra** for bnr. 41/4 og 41/884.

## Rema - Rima

Kommunen ønsker som nemnt å nytte *Rema* i eit adressenamn. Namnet *Rema* om eit område nord for Hareidvegen var ikkje registrert i sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Derimot er *Rimabrua* registrert som namn på ei bru over ein fotgjengarundergang i same området (markert med raudt på kartskissa under).



### Uttale og skrifttradisjon

Kommunen opplyser at «"Rema" er riktig skrivemåte på dette området og ikkje "Rima" som har blitt brukt av det offentlege.». Dei skriv at Rema også har vore nytta i daglegtale om bnr. 41/42, som har namnet *Remheim* i matrikkelen.

Rema er berre nemnt sporadisk i skriftlege kjelder. Bygdeboka for Hareid og Ulstein band 5 s. 49 fortel om jonsokbål på Rema, om lag der Sigurd Holstad sette opp stova si (bnr. 41/42). I boka *Hareid frå 1917 til 2017* må Rema vise anten til bruket eller området når det står at Skjalg-Magnus Holstad «bygde seg hus på heimejorda til Holstad på Rema».

### Tilråding frå Språkrådet

Språkrådet skriv at dei fester lit til staden er kalla *Rema*, slik kommunen opplyser.

Ordet som ligg til grunn er norrønt substantiv *rim*, som ein òg finn i nynorskordboka med same skrivemåte. I dialektane får vokalen ofte ei uttale som ligg nærare /e/ enn /i/.

Språkrådet viser til at *Rem-* er fastsett i fleire andre namnesaker på Sunnmøre, og at ein må kunne rekne *rem* som ei lokal samleform. Dei tilrår den talemålsnære skrivemåten *Rema*.

For dei avleide namna tilrår Språkrådet *Remastubben* (adressenamn) og *Remabrua*.

### Kartverket si vurdering

Kartverket er einig i vurderingane til Språkrådet.

Norsk ordbok fører opp ordet *rim* med fleire tydingar, mellom anna 'rygg i terreng' og 'langt og smalt jordstykke'. Det første ser ut til å passe best her. At *rim* blir til *rem* er som forventa, jf. *led* 'grind' og *ved* 'treverk', der opphavet også er kort *i* (norrønt *hlið* og *viðr*).

*Rim* er uansett eit lite kjent ord, og det er allereie tradisjon på Sunnmøre for å velje den talemålsnære skrivemåten *Rem-*. Kartverket vedtar skrivemåten **Rema**, i samsvar med tilrådinga og det lokale ønsket.

## Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket blir gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Vi ber også kommunen om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Grunneigarane på bnr. 41/4 og 41/884 får kopi av brevet.

## Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgjevande for skrivemåten andre funksjonar, t.d. i adressenamn.

For at skrivemåten av brunamnet skal vere i tråd med loven, må fylkeskommunen endre det til *Remabrua*, slik Språkrådet tilrår.

Kommunen gjer vedtak om adressenamn og fører den vedtekne skrivemåten i matrikkelen. Adressenamn i SSR blir oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten blir henta inn i matrikkelen derifrå.

## Klage

Dei som etter § 6 bokstav a til c i lov om stadnamn har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, har etter § 12 rett til å klage på vedtak. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket har kome fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, startar klagefristen den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Helge Dønvold  
seksjonssjef

Berit Sandnes  
sakshandsamar stadnamn

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Vedlegg Tilråding frå Språkrådet

Lenker: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi Nansy Pilskog Haddal og Eiliv Tore Howlid, 41/4 og 41/884  
May-Bente Nyland, Møre og Romsdal fylkeskommune  
SPRÅKRÅDET  
Kristoffer Hagen, HAREID KOMMUNE  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE